



Ard Arealplan

Referansar:

Dykkar:

Vår: 16/2118 - 17/2160

Saksbehandlar:

Rolf Raknes

rolf.raknes@radoy.kommune.no

Dato:

20.02.2017

Plansak - PlanID 12602016000800 - mindre planendring - Langhøyane bustadfelt - Endeleg vedtak

Delegasjonssak nr.: 041/2017

Saksutgreiing:

Ard AS har på vegne av Sandland Eiendom AS søkt om mindre endring av detaljregulering Langhøyane Gnr/Bnr 45/416,417 m.fl , Plan ID: 12602011000100.

I hovudutvalsak 092/2016 vart alle inspel til endringa handsama og det vart gjeve heimel til rådmannen å fatte delegert vedtak i saka såframt at det kunne finnast ei løysing som Statens Vegvesen kunne godta som mindre endring av plan.

Teknisk forvaltning – plan fekk til møte med Statens Vegvesen og tiltakshavar. Der vart det semje om ei løysing som kunne gå som mindre endring av plan.

Statens Vegvesen har på bakgrunn av dette sendt ny uttale til planendringa. Plankonsulent har endra framlegg til planendring i tråd med ny uttale. Råmannen vil difor gjera endeleg vedtak for endringa

VURDERING

Rådmannen vurderer at framforhandla løysing med Statens Vegvesen om mindre planendring for Langhøyane bustadfelt er god. Det vert no ei trinnvis utbygging av feltet og kvart trinn tek del i sin naturlege del av ansvaret for utbygging av felles infrastruktur. Løysinga gjer at det for trinn 1 vert pålegg om å bygge fortau fram til hovudvegen delvis utanfor planområdet.

Vurdering av andre innspel til endringa er gjort i vedlagt hovudutvalsak 092/2016 .

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



RADØY
den grønne øya

VEDTAK:

Framlegg til mindre endring av planføresegner Langhøyane bustadfelt – PlanID 12602016000800 datert 20.02.2017 vert endeleg vedteke.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde gjeve i Hovudutvalsak 092/2016.

«Det vert delegert mynde til Rådmannen for med heimel i Plan- og bygningslova § 12-14 å treffe vedtak om mindre reguleringsendring for detaljreguleringsplan Langhøyane bustadområde PlanID 12602011000100 som varsla i framlegg av 03.11.16 med endringar i samsvar med merknader og seinare dialog med Statens vegvesen.

Grunngjevinga for vedtaket er at Hovudutval for plan, landbruk og teknisk er samd med rådmannen sine vurderingar i saka og ser det som tenleg at mindre reguleringsendring kan vedtakast før neste møte i utvalet. «

Heimel for vedtaket er Kommuneleva § 23 nr 4.

Klage på vedtak

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, j.fr forvaltningslova § 27b.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Rolf Raknes
arealplanleggjar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Føresegner Langhøyane_mindre endring_vedtatt
Plansak 12602016000800 - Langhøyane bustadfelt - Mindre planendring av føresegner
16_170674-5Uttale - Mindre planendring - Langhøyane bustadfelt - Fv. 410 - Gnr. 45 bnr. 416 mfl. - Radøy kommune

Mottakrar:

Ard Arealplan

Fylkesmannen i Hordaland

Hordaland Fylkeskommune

Statens vegvesen Region vest

Postboks 7310

Postboks 7900

Askedalen 4

5020

5020

6863

BERGEN

BERGEN

Leikanger